

VELKOMEN TIL KELTISK RETREAT!

Vi følger Korona restriksjonane og har denne gongen eit maks-tal på 7 deltakarar, grunna oppretthalden av avstandar.



– **Jan Løkkeborg** er prostiprest på Sunnmøre og har tidlegare vore pastor i Frikyrkja. Han har fleire gongar leia pilegrimsvandring til Lindisfarne. Han har vore tilknytt den keltiske rørsla i meir enn 10 år og er medvandrar gjennom «Anamcara». Jan har utdanning som sjelesørgar frå Sjelesorginstituttet ved Modum. Han er elles glad i fjord og fjell og nyt gjerne friluftslivet.



– **Brit Lundby Hilde** er retreatleiar, frivillig ressursperson for Holmely og bur i Innvik i Stryn. "Pilgrimsrørsla er styrka i Noreg dei siste åra, og det er viktig at tradisjonane rundt St. Sunniva vert utvikla vidare," sa statsråden ved utdelinga av eit stipend Brit fekk for nokre år sidan for å gå i St. Sunniva sine fotspor på Selja.



– **Alfhild Ødegård** har i fleire år vore deltakar på keltisk retreat ved Holmely, og opplevd dette meiningsfylt. Ho jobbar som kognitiv terapeut og veileder i Ålesund. Ho er aktiv i forsamlinga på Emblem bedehus, og har bl.a.erfaring innan Fermate.



DAGSPROGRAMMET PÅ HOLMELY

Desse er det frivillig å ta del i:

- Faste tidebøner i kapellet:
Morgon-, middag- og kveldsbøner.
- Jesusmeditasjon over ein bibeltekst.
- Keltisk tema og song.
- Stille andakt i kapellet.
- Kveldssamling med delestund.



KVA ER RETREAT?

På delvis taus retreat er dagsrytmen lagt opp for å gje oss sjansen til å lytte "innover" og "oppover". Vi ønskjer å gje den einskilde høve til å bli betre kjent med seg sjølv og Gud. Vi har stille tid frå kveldsbøn over til neste dag med morgonbøn, frukost med musikk og Jesusmeditasjon.

Nokre avtalar for fellesskapet vil hjelpe oss til dette:

- Vere på fornavn.
- Gje kvarandre fred.
- Vere fri frå media og mobiltelefon.
- Ha faste plassar ved matbordet og i kapellet.
- Ha høve til personleg samtale med ein av leiarane.
- Ha tid til tur i nærområdet og/eller kvile på anna vis.

Holmely har arrangert fleire keltisk retreat gjennom åra. Her i nordvest er våre røter keltiske. Holmely ligg ein time reise frå Selja der det i år er 850 års jubileum for overføringa av St. Sunniva-relikviane til Bergen.

Vi samlast fredag ettermiddag 14. august til kveldsmat kl 18.30.

Retreaten vert avslutta måndag ca. kl. 14.

Søndag vert turen til Selja hovudprogram: Vi reiser med båt frå Selje sentrum over til Bø. På øya vert det leia pilegrimsvandring fram til klosterruinane med stasjonar til bøn og ettertanke, og vi avsluttar med nattverd. Ta med godt fottøy og kle for allslags ver, dagstursekk og gjerne termos til varm drikke (og gå-stavar). Det tar ca. 25 min å gå på god sti frå båten, og vi skal klatre opp vel 70 trappetrinn i naturstein til Sunnivahola.

www.seljamonastery.no

Prisar:

Fleire retreatstader praktiserer fleksibelt prissystem. Prisen er fleksibel innanfor ei ramme.

Bakgrunn:

Vi ønskjer at den som treng å kome på retreat, ikkje skal hindrast av prisen.

Samtidig har retreat- stadene behov for økte inntekter.

Dette kan løysast ved at dei som har moglegheit betalar opp mot maksimumsprisen.

Opphald for 3 døgn: Frå 2900,- til 4500,-

Inkludert i retreatprisen ligg båt t/r Selja (400,-), kursavgift, oppreidd seng/ handkle m/ full pensjon.

Betalast over giro 3000 14 72204.

Påmelding til retreaten seinast ei veke før retreaten startar til:

Holmely

Holmevegen 26

6711 Bryggja

Tlf: 57 85 34 25 / 93 42 33 00

e-post: holmely@normisjon.no

HOLMELY ligg på Bryggja i Nordfjord og har gode buss/båtsamband frå/til Bergen og buss frå/til Oslo, Trondheim og Ålesund.

Velkomstbrev vert sendt ut etter påmelding med meir opplysningar.

Interesserte kan også få informasjon hos Brit på mobil 91109933 eller

bluhilde@enivest.net

KELTISK RETREAT PÅ HOLMELY 14. – 17. AUGUST 2020



foto: Siri Kolset

MED PILEGRIMSVANDRING PÅ SELJA